

Saksframlegg

Saksnr:	Utval:	Dato
	Formannskapet	

Sakshandsamar:	Sektor helse og omsorg	Terje Sætre
	Arkivnr.: 16/1002	Klassering:

Søknad om fornying av salsløyve alkohol - Rema 1000 Lindås

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

I medhald av alkohollova §§ 1-4b, 1-7a, 1-7b, 1-7c, 3-1, 2.ledd, og 3-7 blir Rema 1000 Lindås , organisasjonsnummer 989 776 223, gitt salsløyve for alkohol med følgjande spesifikasjon:

- Sal ved utsalsstaden: Rema 1000 Lindås, 5955 Lindås
- Salsløyve for alkoholhaldig drikk med høgst 4.7 volumprosent alkohol
- Tidsrom: 01.07.2016 – 30.09.2020
- Styrar: Kjartan Tellevik, f. 01.07.79
- Avløysar: Anders Duesund, f. 10.06.94
- Som salsareal blir butikklokale godkjent.
- Verksemda må ha godkjenning frå Mattilsynet
- Salstida følgjer forskrift om salstider for alkohol, jfr. del II i kommunens alkoholpolitiske plan.
- Brannsikkerheitsmessige forhold må vere forsvarlege og i samsvar med brannforskriftene.
- Løyvehavar har sjølv ansvar for til ei kvar tid å leggje fram opplysningar for kommunen som kan ha konsekvens for dei vilkår løyvet er gitt på.

Klage

Kommunens einskildvedtak etter alkohollova kap. 3 kan påklagast til Fylkesmannen i Hordaland, jfr. alkohollova § 1-16. Klagefristen er 3 veker, jfr. forvaltningslova § 29.

Høve for klage må nyttast før det i tilfelle kan bli reist sivilt søksmål. Søksmålet må vere reist innan seks månader frå det tidspunkt underretning om klageavgjerda er kome fram for klagar, jfr. Lov om rettergangsmåten for tvistemål av 13. august 1915 nr. 6 §§ 435 og 437.....

Saksopplysningar:

Politisk handsaming

Saka skal til uttale i Kontrollutvalet for alkohol (uttalen blir ettersendt) (uttalen blir ettersendt)

Saka skal avgjerast i formannskapet

Vedlegg til saka:

Alkoholpolitiskplan 2016-2020 finn du som vedlegg til søknad om fornying av salsløyve alkohol – Seimstrand as.

Bakgrunn

Fornyng av løyve skjer ikkje automatisk, men på grunnlag av ei ny vurdering av om løyve skal bli gitt. Kriterier gitt i alkohollova § 1-7a og kommunens alkoholpolitiske plan er lagt til grunn i søknaden.

Vurdering

Fornyng av løyvet etter løyveperiodens utløp står rettsleg i same stilling som ny søknad. Løyvehavar har ikkje rettskrav på å få fornye løyvet. Kvart kommunestyret står fritt til å gi løyve eller avslå søknader om fornyng av løyve ut frå ei konkret vurdering av omsyna i alkohollova § 1-7a «Kommunens skjønnsutøvelse ved behandling av søknad om bevilling for salg eller skjenking m.v.», eller ønske om å føre ein strengare eller meir liberal løyvepraksis.

Ifølgje kommunens alkoholpolitiske plan 2016-2020 blir løyve av alkoholhaldig drikk gruppe 1 og til skjenking av alkoholhaldig drikk gitt for periodar inntil 4 år, med opphøyr seinast 30.september året etter at nytt kommunestyre tiltretr – jfr. også alkohollovens § 1-6 «Bevillingsperioden».

Det ligg føre uttale frå sosialtenesta, politi, skatte- og avgiftsmyndigheiter. Ingen vandelsmessige manglar, som kan bli tillagt betydning, er knytt til søkjar.

Søknaden blir tilrådd innvilga.

Ikkje vedlagte saksdokument:

Doknr	Type	Dato	Tittel på saksdokumentet
Doknr	Type	Dato	Tittel på journalpost